

Årsplan Bergetippen barnehage

Velkommen til Bergetippen barnehage! Dette er årsplanen for barnehageåret 2023/2024.

Innholdsoversikt

1 Velkommen til Bergetippen barnehage

2 God og effektiv kommunikasjon

3 Tilsette ved Bergetippen barnehage

4 Pedagogisk profil og verdigrunnlag

5 Foreldre og barnehagen sine tilsette har eit felles ansvar

6 Styringsdokument og rammer for drift av barnehagen

7 Vår visjon - Snu deg mot sola!

8 Tryggleikssirkelen i møte med barn

9 Livsmeistring, omsorg, leik og læring

9.1 Livsmeistring

9.2 Omsorg

9.3 Leik

9.4 Læring

10 Eit inkluderande barnehagemiljø

11 Dei sju fagområda i rammeplanen

12 Eit godt språkmiljø

13 Bergetippentrolla Stein og Symre

14 Friluftsliv

15 Mangfald og gjensidig respekt

16 Den digitale praksisen i barnehagen

17 Trygg i overgangssituasjonar

18 Dei eldste barna i barnehagen

19 Dokumentasjon og vurdering

1 Velkommen til Bergetippen barnehage

Bergetippen barnehage har fem avdelingar og ligg side om side med Julsundet skole.

Barnehagen er ein matpakkefri barnehage. Kokken førebur mat til alle måltid.

- Frukost - havregrynsgraut eller brødmatt
- Lunsj - varmmat ofte laga av råvarer
- Ettermiddagsmat-brød eller knekkebrød, pålegg og frukt

2 God og effektiv kommunikasjon

Barnehagen bruker Min Barnehage-app, ein mobilapp som effektivt lar deg som føresett, kommunisere med oss i barnehagen.

Via appen kan føresette og tilsette:

- Sende meldingar til kvarandre - hugs å ikkje sende sensitiv informasjon
- Registrere oppmøte og fråvær
- Tilsette kan dele tekst og bilete frå kvardagen
- Registrere kvile og soving
- Føresette kan godkjenne, eller avslå samtykker
- Barnehagen kan dele viktig informasjon med føresette.

Kort sagt gir Min Barnehage-appen rask og enkel tilgang til informasjon og den gjer dialogen mellom heim og barnehage enklare og meir effektiv.

3 Tilsette ved Bergetippen barnehage

I dette kapitlet finn du informasjon om kven som er tilsett i administrasjonen og på avdelingane på Bergetippen barnehage.

Kontaktinformasjon avdelingane

+

Avdeling	Direktnummer
Furukongla	992 65 511
Maurtua	416 95 049
Nisseberget	907 12 083
Revehiet	993 19 619
Trollberget	907 18 163

Kontaktinformasjon administrasjonen

+

Kontaktperson	Besøksadresse	Postadresse	Telefonnummer
<u>Styrar Synnøve Karin Rishaug</u>	Vollskaret 4, 6409 Molde	Nyjordvegen 12, 6480 Aukra	469 06 721
<u>Ass.styrar Monica Helseth</u>			469 13 173

Kven er tilsett på avdelingane ved Bergetippen barnehage?

+

Avdeling	Pedagogisk leiar	Fagarbeiar	Assistentar	Andre tilsette
Furukongla	Marianne Lillebostad	Marit Skaanes	Ann Kristin Bøøy og Ragna Aukan	Iman Al Hayk, lærling
Maurtua	Marie Oterhals	Anne Grete Fossheim og Claire Summerson	Ragna Aukan	
Nisseberget	Astrid Rønning og Camilla B. Bargel	Solfrid Haugland og Lasse Malme	Anne B. Bergdølmo og Sandra Henriksen	
Revehiet/Sjøsjerna	Sarah Haensel, Solfrid Berild og Tine Lyngstad	Iselin Aure og Ragnhild Halstein	Heidi Johansen	
Trollberget	Benedicte S. Åndal og Tobias K. Barlaup	Alfhild Bolsø og Kim Westad	Lone Hagen, Maren Rishaug og Ranveig Jensen	

I tillegg har barnehagen desse tilsette:

- Spesialpedagog Irene Bonsaksen Hagås
- Kokk Knut Magne Morsund
- Vikarane Vilde B. Aarønes, Marthe Åndal, Linda Gjendem, Ine Småsund, Tek Phobtrakoon og Emma Bendixen

4 Pedagogisk profil og verdigrunnlag

Den pedagogiske profilen vår er inspirert av Reggio Emilia-filosofien. Vårt mål er at hvert barn, hver dag, skal bli sett og hørt, og at barn skal møte voksne som lytter, forstår og formidler respekt og tillit.

Barn lærer gjennom å konstruere sin egen kunnskap i samhandling med andre. Voksne legg til rette for at barn får mulighet til å utforske og tolke omgivnadene gjennom å eksperimentere og lete etter svar og skape mening.

I Reggio Emilia-filosofien sitt syn på barn og læring er det avgjerande å ha fokus på **tre pedagogar i samspel**:

1. **Barnet** er kompetent og nysgjerrig. Det kan, og vil medverke, delta og lære!
2. **Tilsette** som lytter og forskar saman med barna og stiller spørsmål for å opne opp for undring og nye tankar.
3. **Rommet** skal inspirere og invitere til gode, utviklande og artige aktivitetar som knyt barna saman. Rom og materiale skal vere møteplassar der barn byggjer relasjonar med kvarandre. Det skal vere lett tilgjengeleg for barnet. Rommet ute er like viktig som inne.

Det man høyrer, gløymer man. Det man ser, hugsar man. Det man gjør, forstår man.

5 Foreldre og barnehagen sine tilsette har eit felles ansvar

Foreldre og barnehagen sine tilsette har eit felles ansvar for at barna skal trivast og utvikle seg.

Lov om barnehager § 1 seier at barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Foreldresamarbeid

Det viktigaste er den daglege kontakten ved levering og henting der vi kan utveksle mykje informasjon og dialog om det enkelte barn.

Foreldresamarbeidet består elles av:

- Informasjonsbrev når barnet har fått plass
- Foreldremøte for nye foreldre i mai/juni
- Oppstartsamtale med alle nye
- Foreldresamtalar to gonger i året
- Skriftleg informasjon gjennom året
- Arrangement som barnehagen eller foreldra inviterer til

Samarbeid om arrangement:

- Sommarfest
- Dugnad
- Foreldremøte haust, og vår

Formelle samarbeidskanalar

- Foreldrerådet - alle foreldre i barnehagen. Foreldra på kvar avdeling vel ein representant og ein vara som er kontaktpersonar og medlemmar i foreldrenes arbeidsutval.
- Foreldrenes arbeidsutvalet (FAU) består av ein representant frå kvar avdeling. FAU vel to representantar til samarbeidsutvalet.
- Samarbeidsutvalet (SU) består av to foreldrerepresentantar, to representantar frå tilsette og to representantar frå barnehageeigar. I samarbeidsutvalet møter også styrar og assisterande styrar.

[Les meir om temaet på nettsida til nasjonalt foreldreutval for barnehagar](#)

FAU for Bergetippen barnehage 2023/24

Avdeling	Representant	Vara
Maurtua	Anders Skoglund	Camilla Hol
Furukongla	Stian Gjeldsvis	Terese Nerbøvik, nestleiar
Nisseberget	Linn Anett Håseth Gule	Joachim Rausand Kornstad
Revehiet	Veronika Storvik, leiar	Astrid Vårdal Mutchler
Trollberget	Dave Andreas Øiangen	Christoffer Aae

Samarbeidsutvalet for Bergetippen barnehage

Representantar for foreldra	Representantar for tilsette	Representantar for barnehageeigar	Vararepresentantar for barnehageeigar
Veronika Storvik, leiar	Benedicte S. Åndal	Anita Oterhals Eide	Baard-André Fanghol
Terese Nerbøvik, nestleiar	Anne Grete Fossheim	Jørgen Sporsheim	Monica Rishaug

6 Styringsdokument og rammer for drift av barnehagen

Barnehagen har fleire styringsdokument som vi skal drive i tråd med.

Denne årsplanen syner korleis Bergetippen arbeider for å omsette styringsdokumenta sine føringar om mål og innhald til pedagogisk praksis.

Overordna styringsdokument:

- [Lov om barnehagar](#)
- [Rammeplan for barnehagen](#)
- [Kommunal barnehageplan](#)
- [Vedtekter for barnehagane i Aukra kommune](#)
- [Plan for å fremme eit psykososialt miljø i Aukrabarnehagen](#)

Årsplanen skal:

- Gje tilsette grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk
- Bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda
- Vere basert på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira
- Vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre
- Gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, barnehagen sine samarbeidspartar og andre interesserte.

7 Vår visjon - Snu deg mot sola!

Vi har solsikka som symbol og som påminning om at vi alle skal ha eit positivt fokus for å vere med å skape trivsel og vekst.

- **Barnevenleg**
- **Effektiv**
- **Robust**
- **God**
- **Energisk**
- **Triveleg**
- **Initiativrik**
- **Positiv**
- **Produktiv**
- **Empatisk**
- **Naturglade**

Det er vi!

8 Tryggleikssirkelen i møte med barn

Vi brukar Tryggleikssirkelen (Circle of Security eller COS) som eit utgangspunkt for korleis vi møter barn. I arbeidet med å skape gode relasjonar til kvart enkelt barn er denne sirkelen og teorien eit godt hjelpemiddel.

Tryggleikssirkelen er ein modell utvikla for å sjå barnet sine behov og korleis vaksne kan tilfredsstillе desse på ein god måte (Cooper, Hoffman og Powell i Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad 2013).

Foreldreaktiv tilvenning

Vi vil at barna skal få ein god start på barnehagelivet sitt og vi stoler på forskning som vektlegg foreldres betydning for at barnet skal finne ein god base for tryggleik og godheit i barnehagen. Foreldre er til stades med barnet i barnehagen den første tida. Dei er der for barnet når det vert stelt, når det et mat, søv og leiker. Tilknytningspersonen i barnehagen er saman med barnet og foreldra for å etablerer ei trygg tilknytning til barnet.

[Les meir om foreldreaktiv tilvenning.på utdanningsforskning.no.](#)

Tryggleikssirkelen

Tryggleikssirkelen illustrerer korleis vi vaksne kan vise godheit og skape trygghet, korleis vi kan regulere barna sine kjensler og hjelpe til i leik og venskap. Den vaksne fungerer som ein base for trygghet og støtte, noko som motiverer barnet til å utforske omgivnadane. Når barnet treng trøyst, omsorg og nærleik, fungerer den same vaksne som ei sikker hamn.

Foreldrekurs

Fem tilsette ved Bergetippen barnehage er sertifisert og kan gje COS-P rettleiing og kursing med føresette. COS-P står for Circle of Security-Parenting. Kvar haust tilbyr barnehagen gratis kurs for foreldre som ønskjer det. Tidlegare deltakarar har gitt gode tilbakemeldingar og anbefaler kurset for andre.

9 Livsmeistring, omsorg, leik og læring

Kapittelet fortel om korleis barnehagen jobbar med livsmeistring, omsorg, leik og læring. Sjå underkapitla nedanfor for å lese meir om kvart emne.

9.1 Livsmeistring

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barns fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring, og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing.

Rammeplan for barnehagen side 22

- Vi har fokus på å danne gode relasjonar og vi arbeider aktivt med å fremje sosial kompetanse, vennskap og inkludering.
- Vi har ei dagsrytme som gjer at både store og små får tid til mat, ro og kvile i løpet av dagen.
- Vi har fokus på sunt og næringsrikt kosthald, og kokken lagar sunn og variert mat til alle måltid.
- Vi er mykje ute på barnehagen sitt område og på turar i nærområdet. Det gjev barna moglegheit for variert fysisk aktivitet.

9.2 Omsorg

Omsorg, leik, læring og danning i småbarnsalderen formar barnet sine haldningar, verdiar og tillit til seg sjølv og menneska rundt seg. Hos oss skal alle barn motta eit variert, stimulerande og utfordrande læringsmiljø.

Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

Rammeplan for barnehagen side 19

- Omsorg er ein føresetnad for at barna sin trivsel
- Omsorgsfulle vaksne skal ha vilje og evne til samspel og trygg tilknytning
- Vaksne som lyttar, er nær og styrker barnet i å utvikle gode relasjonar, tillit til seg sjølv og andre

9.3 Leik

Leik gir livslyst og er heilt grunnleggjande for barna si oppleving av at livet er godt. Gjennom leiken bearbeidar barna ulike erfaringar og opplevingar, og leiken er deira sin måte å uttrykke seg på. Leik er ein arena kor relasjonar blir til. Ein ser også samanheng mellom psykisk helse og leik. I leiken møtes vi, utviklar oss og lærer ulike sider hos ein sjølv og hos andre.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Rammeplan for barnehagen side 20

Vi i Bergetippen er gode på lek. Vi er leikeglade vaksne som tilbyr støtte for å komme inn i lek. Vi er gode på leikens utvikling og betydning og leikens eigenverd.

I tråd med at vi er ein Reggio Emilia-inspirert barnehage tilfører vi ny leikemateriell som ikkje nødvendigvis i utgangspunktet er meint for lek, men som gir fantastiske leikemoglegheiter. Bonusen er at desse materialane er gjenbruk, noko som er viktig for oss i vårt arbeid med berekraftig utvikling.

Barna treng ikkje ein haug med plastleketøy for å utvikle seg. Tvert imot! Materialar utan behov for fasit er materialar som får kreativiteten på gli. Barna bør ha rikt tilgang på ting som ikkje har eiin førehandsdefinert funksjon. Kvar gong ein tar i slikt materiell kan det blir noko nytt, eller omdefinert til å bli noko ein treng.

Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek – åleine og saman med andre.

Rammeplan for barnehagen side 20

For dei yngste barna vil mykje av leiken handle om å gjere noko saman – hoppe, klatre, springe (toddler-leiken). Etter kvart som barna blir eldre blir det meir og meir avansert rollelek og konstruksjonslek. .

9.4 Læring

Nysgjerrighet, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt.

Rammeplan for barnehagen side 22

Barnehagen skal:

- Støtte lærelysta og nysgjerrigheita
- Gje barn tid til å undre seg
- Utforske og finne ut meir

I tråd med Reggio Emilia-filosofien legg vi vekt på å oppmuntre og utvikle barna sine interesser. På denne måten er barn med på å medverke kva som blir ulike tema i barnehagen. Er barna interessert i krokodiller, utforskar vi og finn ut meir om krokodiller.

Barns medvirkning

Både dei yngste og dei eldste får være med å medverke, men på ulike måtar. Dei yngste barna kan vise med blikk og kroppen kva dei likar godt, og dei tilsette må da legg merke til dette og ta det med vidare.

Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek – åleine og saman med andre.

Rammeplan for barnehagen side 20

Hos dei eldste barna kan det være refleksjonar om ulike tema og barn er sjølv med å medverke på korleis prosessen rundt temaet går vidare. Nokre tema er over kort tid og andre tema kan vare lengre, alt etter korleis interessa til barna er.

10 Eit inkluderande barnehagemiljø

Korleis vi arbeidar på avdelingane:

- Vere gode med og mot kvarandre
- Fokusere positivt på andre, og sjå det som er bra med seg sjølv og kvarandre
- Tydelege grenser for korleis vi er mot kvarandre, og rom for å vere forskjellige
- Vaksne er rause og gode mot kvarandre, som gode rollemodellar
- Snakkar om kjensler og reaksjonar i alle typar kvardagssituasjonar. Å setje ord på og kjenne på ulike kjensler er viktig for å forstå betre seg sjølv og andre
- Vise respekt for kvarandre
- Vaksne er gode rollemodellar og førebilete for barna
- Før ein samtale med barnet, du lyttar og så svarar, -deltek.
- Inkludere barna: Barna skal ordne opp seg imellom, vaksne viser korleis dei gjer det
- Vere konsekvent
- Setje klare grenser
- La barna oppleve at dei blir sett når dei gjer noko positivt
- Gje ros når andre menneske er i nærleiken
- Gje ros der og då
- Oppmuntre barna til å samarbeide
- Vi gjer plass til barna sin eigen humor

Aukrabarnehagen saman med Aukraskolen har dei siste åra arbeida målretta for å auke kompetansen til alle tilsette i å fremme trygge oppvekstmiljø, forebygge, oppdage og handtere mobbing og andre krenkingar. Vi har lest og høyrte på dei fremste forskarane på feltet. Vi har hatt innlegg frå mobbeombodet på utviklingsmøte. Aukrabarnehagen har utarbeid ein eigen plan for eit godt psykososialt miljø. Dette feltet skal vi fortsette å halde fokus på og vi skal bli endå betre.

Saman utviklar vi kvaliteten på praksisen vår. Barnehageåret 2023/2024 arbeider tilsette med fordjuping i å sjå barnehagebarnet innanfrå som er eit tilknytningsbasert program for barnehage.

11 Dei sju fagområda i rammeplanen

Rammeplanen har sju fagområde som skal bli integrert i kvardagslivet i barnehagen.

Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og morosam del av kvardagen til barna.

Barna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar.

Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.

Rammeplan for barnehagen side 47

Fagområda er i bruk i mange ulike læringssituasjonar i kvardagen. Det pedagogiske arbeidet skjer i:

- Leik og samspel
- Måltid
- Stell
- Samlingsstund
- Påkledning
- Forteljing og bøker
- Tur
- Andre opplevingar med meir

Kommunikasjon, språk og tekst

+

rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid, rytme, lydar, ord, eventyr, forteljingar, segner, høgtlesing, samtale, leikeskrift, teikning og bokstavar

Kropp, rørsle, mat og helse

+

rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære, fysisk og psykisk helse, bevege seg, leike, motivasjon og meistring, sansse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen, sunn mat, trivsel, glede, risikofyllt leik

Kunst, kultur og kreativitet

+

biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design, eksperimentering, fantasi, kreativ tenking og skaparglede

Mengd, rom og form

+

samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling, stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar

Natur, miljø og teknologi

+

naturen, årstider, naturopplevingar, leik, naturvitskaplege fenomen, dyr og dyreliv, konstruksjonar av ulikt materiale, utforske, reiskapar, livssyklusen, friluftslivopplevingar

Etikk, religion og filosofi

+

verdiar, normer og haldningar, livssynsmangfald, forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider, undre seg, kritisk tenking og dømmekraft

Nærmiljø og samfunn

+

lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke. Tilhøyrse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer. Kjennskap til menneskerettane

12 Eit godt språkmiljø

Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Rammeplan for barnehagen side 23

Barnehagen vil aktivt bidra til at barna utviklar eit godt språk og aukar ordforrådet sitt. Det vert lagt vekt på at varierte og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep, og at samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk.

Barna skal få utvikle språket gjennom:

- Gode samtalar
- Høgtlesing
- Forteljingar
- Rim og regler
- Song
- Trolle Stein og Symre

Korleis møter vi alle barn i ulik alder eller ulike språk? Vaksne skal:

- Vere eit godt språkleg førebilete
- Aerkjenne og respondere og sette ord på det barn ser og er opptatt av
- Involvere alle barn i samtalar
- Hjelp barn til å setje ord på uttrykke tankar og kjensler.
- Støtte barn som har vanskar med kommunikasjon. Skape eit språkleg mangfald.

13 Bergetippentrolla Stein og Symre

Visste du at Bergetippen-fjellet gøymar på ein hemmelegheit? Noko heilt unikt som berre nokon få veit om? Det bur nemleg ein trollfamilie inni fjellet. Det er trollmor Mamma Mjuk, trollfar Pappa Rot og dei to trollungane, Stein og Symre.

Stein og Symre er veldig nysgjerrige og det kjekkaste dei veit er å følgje med på kva barna i barnehagen held på med. For å kunne gå ut når det er lyst ute så samlar dei på «månemjølkk». Troll som drikk den magiske drikken kan gå ut medan det er lyst ute.

Tradisjonen vil at vi skal feire bursdagen til Stein og Symre. Bursdagen er den fyrste vinterdagen i oktober. Då er det fest på Bergetippen barnehage! Teaterframsyning og så spis vi lune Romsdalshorn til lunsj.

Barna i barnehagen kan følgje Stein og Symre sine eventyr i ulike bøker vi har i barnehagen. Forfatter av bøkene er tidlegare styrar Berit Drejer, og Sarah Haensel har illustrert bøkene.

14 Friluftsliv

Barnehagen skal legge til rette for at borna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.

Rammeplan for barnehagen side 52

Friluftsliv i barnehagen handlar om progresjon. Frå barna er små er dei mykje ute. Dei opplever regn, sol og snø. Sansane blir stimulert. Etter kvart som dei blir trygge i møte med barnehagen kan dei gå på kortare turar i nærområdet. Kanskje er det nok med ein liten tur utanfor gjerdet. Tenk på alt som finns der!

Etter kvart som barna blir større er det barnehagen si oppgåve å utvide horisonten deira. Barna går då på korte eller lengre turar i nærområdet. I barnehagen sitt nærområde ligg det ein fantastisk natur som barna nyt godt av. Barnehagen vektlegg gode opplevingar og spanande aktivitetar i naturen basert på barna sine interesser og idear. Frileik i naturen blir høgt prioritert.

I naturen lærer barna mykje. Dei får førstehands erfaringar med begrep og fenomen. Dei utviklar motorikken og styrkar språket. Tenk på all læringa barna tar til seg i møte med naturen rundt seg!

For dei eldste barna som skal inn i skolen vektlegg vi meistring. Meistring i møte med utfordringar. Lengre turar til Storklauva, Eidskremheia og Jendemsfjellet før skolestart er med på å gje barna opplevinga av at dei kan klare kva som helst!

15 Mangfald og gjensidig respekt

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar.

Rammeplan for barnehagen side 9

I Bergetippen skal:

- Alle barn kjenne at dei blir sett og anerkjende for den dei er
- Vi synleggjer den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet
- Barna få kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon
- Vi markere ulike merkedagar og høgtider frå religionane som er representerte i barnehagen
- Vi synleggjer mangfaldet og ressursane vi har i barnehagen.
- Vi lære nokre ord på dei ulike språka som er representert på avdelinga
- Vi sjå på flagg frå dei ulike landa vi har i barnehagen

16 Den digitale praksisen i barnehagen

Personalet skal utforske kreativ og skapende bruk av digitale verktøy sammen med barna.

Rammeplan for barnehagen side 52

Korleis avdelingane brukar digitale verktøy vil variere. Det kan for eksempel vere:

- Ta bilete
- Skrive ut bilete
- Danse til musikk
- Film
- Utforske på overhead – farge, lys og skygge
- Kopiere og skrive ut
- Bruke SMART Board
- Barna er med på å søke på internett etter noko dei lurar på

17 Trygg i overgangssituasjonar

Eit barn møter mange overgangssituasjonar i løpet av tida i barnehagen. Eksempel på overgangssituasjonar er når barna startar i barnehagen, når dei byter avdeling og når dei sluttar i barnehagen.

Overgangssituasjonar kan også være i daglege situasjonar som når barna kjem om morgonen, når dei skal sove eller når dei trygge vaksne ikkje er til stades.

Tilknytningssystemet til barnet blir særleg aktivisert i overgangssituasjonar. Vi veit at overgangssituasjonar er vanskelege, fordi barnet sitt nervesystem ikkje er ferdig utvikla. Barnet blir derfor meir uroleg og sårbart (Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad, 2013).

For at barna skal føle seg trygg i overgangssituasjonane legg vi vekt på:

- Å gje barna tid
- Tryggleik
- Faste tilknytingspersonar, ved oppstart og ved byte av avdeling

Vi brukar Tryggleikssirkelen som eit hjelpemiddel i overgangssituasjonane.

18 Dei eldste barna i barnehagen

Skolastartarane er samla i eiga gruppe.

Fokus på

- Vennskap og sosial kompetanse
- Friluftsliv og turar i nærmiljøet.
- Få erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi ein trygg og god motivasjon for å begynne på skolen.

Revehiet/Sjøstjerna

Barnehageåret 2023/2024 har vi 20 skolestartarar. Vi har oppretta eit ekstraordinært tilbod til dei i år og tatt i bruk både avdeling Revehiet og det lille rommet Sjøstjerna som er tiltenkt friluftsgruppe.

Overgangen barnehage - skole

Vi arbeider for at barna skal vere godt førebudd og få ein trygg og god overgang til skolen. Aukra kommune har utarbeidd eigen plan for samarbeid mellom barnehage og skole i samband med overgang til skolen.

- [Plan for overgang mellom barnehage og skole](#)
- [Årshjul for overgang mellom barnehage og skole i Julsundet](#)

At skolestartarane får vere samla i ei gruppe gir oss høve til å førebu dei godt til skolestart. Ut på tur for å besøke dyra på Hollingsetra og ein tur bortom skolen for å ta ein titt i vinduene. Dei ulike aktivitetane er tilpassa barnegruppa. Noko er tradisjon og likt frå år til år, mens anna vert ulikt frå år til år.

Tradisjonar

- Besøke kyrkje før jul
- Aktivitetar og besøk saman med skolen og SFO på våren før skolestart
- Tur til Jendemsfjellet på våren
- På sommarfesten i byrjinga av juni markerer vi ekstra for skolestartarane at dei straks er klar for skolestart

19 Dokumentasjon og vurdering

I barnehagen jobbar vi med dokumentasjon og vurdering.

Dokumentasjon

For at føresette skal få høve til innsikt i det som skjer i barnehagen har vi ulike dokumentasjon:

- **Årsplan** blir godkjent av SU på hausten og lagt ut på heimesida vår
- **Månadsbrev** vert sendt ut kvar månad frå kvar enkelt avdeling der ein dokumenterer kva dei har gjort/skal gjere. Her vil det også stå viktige datoar og anna nyttig informasjon.
- **Dagbok.** I Visma foreldreappen legger avdelingane ut viktige beskjeder, bilder og tekst frå barnehagedagane 1 – 2 gonger per veke.

Vurdering

Kvar periode som er gjennomført blir vurdert.

- Månadsbrev - dokumentasjon frå sist månad
- I januar og i juni gjennomfører personalet halv- og heilårsevaluering
- Avdelingsmøte på kvar avdeling
- Utviklingsmøte for alle tilsette
- Leiarmøte for pedagogiske leiarar, assisterande styrar og styrar

Vurdering av arbeidet vårt er med på å gi refleksjonar og diskusjonar i vidare val vi tek. Samtale og refleksjon rundt handlingane våre inngår som ein naturleg del av møta våre. Praksis i Reggio Emilia-inspirerte barnehagar utviklast gjennom observasjon, dokumentasjon og tolking og didaktiske val.